Justis- og beredskapsdepartementet
postmottak@jd.dep.no

30.10.2026

Vår ref. Thea Lovise Sørfonden Vie

Høyringssvar frå NITO – Høyring av forskrift om tilfluktsstadar

NITO – Noregs Ingeniør- og Teknologorganisasjon – er Noregs største fagorganisasjon for ingeniørar og teknologar, med over 121 000 medlemmar. Våre medlemmar planlegg, byggjer, driftar og vedlikeheld store delar av infrastrukturen og samfunnsfunksjonane Noreg er avhengig av i fred, krise og krig.

NITO takkar for høvet til å kome med innspel i høyringa av forslag til ny forskrift til lov 25. juni 2010 om sivil beskyttelse og beredskap (sivilbeskyttelsesloven) som regulerer tilfluktsstader. NITO er oppteken av at behovet for vern kan oppstå både heime og på arbeidsplassen. Tilfluktsstader handlar derfor ikkje berre om vern av befolkninga, men òg om å sikre at kritiske samfunnsfunksjonar kan haldast oppe i krise og krig. Vern av personell som skal halde samfunnet i gang, må vere ein del av denne vurderinga.

NITO sine medlemmar er ikkje berre brukarar av tilfluktsstader. Dei er òg dei som skal prosjektere, byggje, drifte og vedlikehalde løysingane. NITO støttar hovudretninga i forskrifta og målet om eit meir moderne og risikobasert system for vern av sivilbefolkninga.

Samstundes meiner vi at tilgang på kompetanse, kapasitet og finansiering vil vere avgjerande for gjennomføringa. Beredskap handlar ikkje berre om planar og regelverk, men òg om menneska som skal planleggje, byggje, drifte, vedlikehalde og reparere infrastrukturen samfunnet er avhengig av. Ei vellukka ordning for tilfluktsstader føreset at kommunane får ressursane og kompetansen som trengst, og at kritiske samfunnsfunksjonar blir prioriterte der konsekvensane av svikt vil vere størst.

NITO har over fleire år vore ein aktiv stemme i debatten om vern av kritiske samfunnsfunksjonar, mellom anna gjennom arbeidet med behovet for tilfluktsrom ved norske sjukehus. På dette grunnlaget ønskjer vi å løfte fram nokre sentrale synspunkt knytte til kommunal gjennomføringsevne, vern av kritiske verksemder og korleis tilfluktsstader best kan bidra til både å verne befolkninga og oppretthalde samfunnskritiske funksjonar sett i lys av behovet for å styrkje det norske totalforsvaret.

Kommunal kapasitet, kompetanse og finansiering må styrkast

Forskriftsforslaget legg eit betydeleg ansvar på kommunane. Utsette kommunar skal kartleggje eksisterande kapasitet, gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar, identifisere eigna tilfluktsstader og følgje opp planlegginga av framtidige løysingar. Dette er oppgåver som krev teknisk, beredskapsfagleg og juridisk kompetanse.

NITO er uroa for at forslaget i for liten grad tek omsyn til den faktiske gjennomføringsevna i kommunesektoren. NITO-rapporten «Mot værhard virkelighet», utarbeidd av Menon Economics, viser at mange kommunar allereie slit med kapasitet, kompetanse og økonomi innan tekniske fagområde. Mange kommunar har små og sårbare fagmiljø, samstundes som krava innan beredskap og vedlikehald av kritisk infrastruktur aukar.

Dette er særleg relevant i denne høyringa. Forskrifta byggjer på at kommunane skal gjennomføre avanserte vurderingar av risiko, byggtekniske forhold, kapasitet og eigna løysingar for tilfluktsstader. Dette føreset tilgang på kompetanse innan mellom anna konstruksjon, byggteknikk, geoteknikk, energi, vatn og avløp, samfunnstryggleik og risikovurdering.

Forslaget inneber i praksis ei overføring av nye beredskapsoppgåver til kommunane. Dersom kommunane skal få ansvar for å identifisere, planleggje og forvalte framtidige tilfluktsstader, må staten samtidig ta ansvar for at nødvendig kompetanse og finansiering er tilgjengeleg.

NITO meiner

- Nye beredskapsoppgåver må følgjast av finansiering
- Kommunar med særlege beredskapsoppgåver må få tilgang til nødvendig fagkompetanse og støttefunksjonar
- Tilgang på ingeniør- og teknologkompetanse må reknast som ein føresetnad for gjennomføring av forskrifta

Utsette kommunar må vurderast i eit totalforsvarsperspektiv

NITO støttar at ressursar og tiltak blir retta mot område med særleg risiko.

Samtidig meiner NITO at forståinga av kva som utgjer ein utsett kommune må vere breiare enn det som kan fangast opp gjennom folketal, sentralitet og nærleik til tradisjonell kritisk infrastruktur. I ein krigssituasjon vil også kommunar med sentrale funksjonar innan logistikk, energiforsyning, transport og forsyningsberedskap kunne få stor strategisk betydning.

Forslaget bør i større grad ta omsyn til kommunar som spelar ei sentral rolle i totalforsvaret, mellom anna gjennom vertslandsstøtte, mottak og framføring av allierte styrkar og infrastruktur som er kritisk for militær mobilitet og nasjonal forsyningsevne.

NITO meiner derfor at funksjon og strategisk betydning må tilleggjast større vekt ved vurderinga av kva kommunar som skal omfattast av ordninga.

NITO meiner

- Kommunar med sentrale funksjonar innan totalforsvaret bør kunne klassifiserast som utsette kommunar
- Funksjonar knytte til vertslandsstøtte, militær mobilitet, logistikk og alliert mottak må vektleggjast sterkare i risikovurderingane
- Kritisk energi-, transport- og forsyningsinfrastruktur må inngå i vurderinga av utsette kommunar
- Vurderinga av utsette kommunar må vere dynamisk og kunne justerast i takt med endringar i trusselbiletet

Kritiske verksemder må sikrast betre

NITO er positive til at forskrifta løftar fram kritiske stadbundne verksemder som eit eige område. Kritiske verksemder skil seg frå andre bygg ved at sentrale samfunnsfunksjonar kan falle bort dersom personellet ikkje kan vere på jobb. Dette gjeld mellom anna sjukehus og andre samfunnskritiske funksjonar.

Samtidig er det behov for tydelegare kriterium for korleis slike verksemder skal identifiserast og prioriterast. Forskrifta bør leggje til grunn både konsekvensane av bortfall og verksemda si rolle i totalforsvaret og samfunnsberedskapen.

NITO meiner vidare at beredskap må inn tidlegare i planlegginga av nye bygg. For bygg som skal opprettholde kritiske funksjonar under krise og krig, bør robustheit vere ein integrert del av prosjekteringa. Dette handlar ikkje nødvendigvis berre om etablering av tilfluktsrom, men òg om korleis bygget som heilskap toler påkjenningar, angreip og evnar å halde fram drifta etter ei hending.

NITO registrerer at departementet ikkje foreslår å gjeninnføre ei generell byggjeplikt for tilfluktsrom i nybygg i denne forskrifta. Samstundes er dekningsgraden i Noreg i dag om lag 45 prosent av befolkninga, noko NITO meiner er for lågt. NITO meiner at lovkravet om tilstrekkeleg tilgang på tilfluktsrom må følgjast opp med ressursar, ein plan for vedlikehald og oppgradering av eksisterande kapasitet, samt etablering av nye tilfluktsrom der risiko- og behovsvurderingar tilseier det. I den samanhengen bør det vurderast om byggjestoppen frå 1998 framleis er tenleg.

For nybygg meiner NITO at Noreg kan hente lærdom frå Finland, der byggjeplikt i dag gjeld for bygg over 1 200 kvadratmeter og industriområde over 1 500 kvadratmeter (https://intermin.fi/en/rescue-services/preparedness/civil-defence-shelters). Samstundes meiner NITO at risiko og funksjon må vege tyngre enn eit generelt arealkrav. Bygg med kritiske samfunnsfunksjonar bør derfor vurderast særskilt, og krav om tilfluktsrom må ta utgangspunkt i risiko, funksjon og beredskapsbehov.

NITO meiner

- Kritiske stadbundne verksemder bør som hovudregel sikrast med tilfluktsrom og ikkje berre dekningsrom
- Kriteria for identifisering og prioritering av kritiske verksemder må vere tydelege og etterprøvbare
- Nye bygg med kritiske samfunnsfunksjonar må prosjekterast med utgangspunkt i relevante risiko- og trusselvurderingar
- Robustheit og motstandsdyktigheit bør vere ein integrert del av planlegginga frå byggjestart
- Sjukehus bør som hovudregel planleggjast med tilfluktsromkapasitet for pasientar og personell ved nybygg og større ombyggingar

Dekningsrom og tilfluktsrom

NITO støttar innføringa av dekningsrom som eit supplement til tradisjonelle tilfluktsrom. Ei meir fleksibel og risikobasert tilnærming kan bidra til raskare og meir kostnadseffektive tiltak for å styrkje beskyttelsen av befolkninga.

For å sikre gode og føreseielege løysingar meiner NITO at skiljet mellom dekningsrom og tilfluktsrom må vere tydeleg. Val av løysing må byggje på faglege vurderingar av risiko, beskyttelsesbehov og tekniske føresetnader. Dette er avgjerande for at kommunar, eigarar, utbyggjarar og fagmiljø skal kunne planleggje, prosjektere og dimensjonere løysingane på ein føremålstenleg måte.

NITO meiner òg at eksisterande bygg, anlegg og infrastruktur bør vurderast som ein del av løysinga der dette er fagleg og økonomisk forsvarleg. Oppgradering og tilpassing av eksisterande kapasitet kan i enkelte tilfelle vere eit raskare og meir kostnadseffektivt tiltak enn etablering av nye løysingar.

Ingeniørar og teknologar vil spele ei sentral rolle i arbeidet med å identifisere eigna løysingar, vurdere eksisterande bygg og anlegg, fastsetje tekniske krav og sikre at løysingane gir den beskyttelsen dei er tiltenkte. Tydelege krav og definisjonar er ein føresetnad for dette arbeidet.

NITO er òg positive til at dekningsrom og tilfluktsrom kan ha funksjonar i fredstid. Erfaringar frå mellom anna Finland viser at fleirbruksløysingar kan bidra til betre ressursutnytting, meir vedlikehald og sterkare lokal forankring av beredskapskapasitet. Når anlegga er ein aktiv del av lokalsamfunnet, blir det lettare å oppretthalde funksjonalitet og kvalitet over tid.

NITO meiner

- NITO støttar innføringa av dekningsrom som eit supplement til tradisjonelle tilfluktsrom
- Skiljet mellom dekningsrom og tilfluktsrom må vere tydeleg og byggje på klare faglege og tekniske kriterium
- Planlegging og dimensjonering av dekningsrom må baserast på dokumenterte risiko- og sårbarheitsvurderingar
- Ingeniør- og teknologkompetanse må nyttast aktivt ved vurdering, utforming og oppfølging av løysingane
- NITO støttar løysingar der tilfluktsstader kan nyttast i fredstid, og viser til erfaringar frå mellom anna Finland der fleirbruk har bidrege til å halde beredskapskapasiteten ved like

Med venleg helsing,

Kjetil Lein
President

Egil Thompson
Generalsekretær

Brevet er elektronisk godkjent i NITO og inneheld derfor ikkje signaturar